



Nomaco Services AS
Stein Ove Andersen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/300 - 15/19189

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
12.05.2015

Svar på spørsmål - gbnr 108/515 Lindås - flytebrygge

Lindås Feriesenter AS fekk i 2002 løyve til å leggja ut betongflytebrygge 2 x 36 m, med dispensasjon frå reguleringsplanen. Brygga går ut forbi grensa for det regulerte område (ca 12 m utafor). Lindås Feriesenter AS ønskte seinare å etablera bølgebrytar på tvers på enden av den godkjende brygga, og vart då rådd til å søka om endring av reguleringsplanen: Utviding av planområdet og endring av reguleringsføremålet frå trafikkområde sjø til småbåthamn. Sjå vårt brev av 08.12.2008. Det vart ikkje søkt om reguleringsendring.

De sende inn søknad til BOH om etablering av bølgebrytar, vedlagt ein situasjonsplan, som enkelte har oppfatta som godkjent plan. Dette var ei **skisse**, utarbeidd for å søka om endring av planen (som BOH hadde godkjent 14.04.2009, sjå vedlegg).

Oppsummering:

De har ikkje sendt inn søknad etter plan- og bygningslova til Lindås kommune om etablering av bølgebrytar, som altså er i strid med gjeldande kommuneplan og reguleringsplan for *Lindås nedre godkjent 25.02.2004*.

Byggesaksavdelinga har ingen søknad å handsama, og vi avsluttar saka.

Dersom de ønsker å søka om endring av reguleringsplanen, ta kontakt med planavdelinga.

Med helsing

Tor Hegle
Avdelingsleiar byggesak

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedk reguleringsendring - Lindås nedregbnr 108-540 m fl - Lindås
Tidligere godkjent søknad Lindås Brygge_D1_V2

Kopi til:

Bergen og omland havnevesen

Nomaco Services AS

Consensus Holding AS

Avdelingsleiar plan